

Kjære styre for Bagn Bygdesamling, ordfører, bygdefolk, museumsvenner

Gratulerer med 100-årsjubileum. Det har i alle år vore ei sann glede å få samarbeide med dykk her på Bagn. De forvaltar stolte museumstradisjonar og de formidlar ein rik bygdekultur til glede for sambygdingar og tilreisande. De høyrer til ein bransje som *pustar langsamt* og som minner bygdefolket om sitt eige kulturelle DNA. I ei tid med endringar i kultur og mobilitet, treng vi folk som tek vare på minna våre. Hald fram med det.

Museet på Bagn er inkluderande. Slik må det vere, for tida vi lever i kan vere krevjande. Då må vi ruste oss godt – til skapande innsikt og kritisk refleksjon, slik det står skrive i tildelingsbrevet frå staten. Derfor er bygdesamlinga ikkje berre museum, men ein del av den infrastrukturen som skal sikre demokratiet vår, verdiane våre, yringsretten vår. Slik står musea i ei særstilling blant dei offentlege institusjonane i Norge. Vi må gjere vel å ta vare på denne posisjonen.

For museets mandat har endra seg mykje sidan dei fyrste musea vart etablerte i Noreg på 1800-talet. Det same har museumsdefinisjonane, som òg har endra seg i takt med tida. For eit år sidan drøfta det internasjonale museumsforbundet definisjonen av museum. I utkastet vart vi omtala som *polyfone rom* – noko som overraska alle. Dette høyrerest noko songar-aktig ut.

Men musea skal altså vere *forum* for samtale og refleksjon, staden der *alle stemmer* skal få lyde, som i ein kakafoni. Og derfor er vi polyfone. Dinest forvaltar vi samlingar og arkiv. *Desse* er referansar som vi må lære av slik at vi ikkje gjentek gårsdagens feil. Fortida er korrektivet til framtida. Museet er roret som skal leie oss i rett retning.

Dette samtidsperspektiv ligg òg til grunn for det tilskottet som Valdresmusea og dei 70 andre musea i det nasjonale museumsnettverket får frå staten. Og med den nye museumsmeldinga, som kjem i 2021, vil vi ikkje berre møte milde forventningar om bevaring og formidling, men krav om at arbeidet følgjer det internasjonale samfunnet sine målsettingar innfor spesifikke arbeidsområde som berekraft, klima og kulturelt mangfald. Det framtidige museumsarbeidet skal forankrast i ei museumslov, og til grunn for statens tilskott må musea tilfredsstille ei rekke akkrediteringskrav satt av Det internasjonale museumsforbundet. Eg trur vi skal greie dette. Norsk kulturråd, som måler kvaliteten i musea, seier om Valdresmusea at vi er framoverlente

og modige og at vi driv godt. Vi forvaltar lokale og nasjonale samlingar, og vi formidlar desse til 60 000 besøkande kvart år. Vi er museum i Valdres og på same tid del av den internasjonale museumsfamilien. Det har vi alltid vore.

Olaus Islandsmoen var òg barn av tida si. Han var sentral i framveksten av museumsvesenet i Noreg. Og han meinte at ei framtid berre kunne byggast på eit historisk grunnlag. Dette var ikkje Olaus sine eigne idear. Olaus Islandsmoen stod i ein europeisk opplysningstradisjon.

For, musea er ikkje skapte ut av ingenting, men strekker seg tilbake til 1700-talet og til framveksten av opplysningsfilosofi og moderne demokrati. Gamle statar var ikkje lenger styrde av religiøse dogme, men kom til å utvikle seg etter prinsipp om fornuft og likeverd. Og nasjonane kom til å samle folket rundt førestillingane om at menneska, dei var bundne til gamle kultur-felleskap der alle bar på dei same verdiane, det same språket, den same historia.

I dette bilete fekk museet rolla som historieforteljar, og museet vart eit slags tempel der folk skulle lære seg å sjå verdien av sin eigen kultur. For dei unge nasjonane gav historie styring til landets politikk og parallelt med skular, vegar og jernbane kjem også musea til. Og slik opptrer nasjonane framleis. Takk til alle som skodar bakover i arbeidet med å bygge framtida.

Men museum er ikkje berre idyll frå fortida. Dei er del av den kulturelle infrastrukturen i ein kvar nasjon, dei er næring og dei er samfunnsutvikling. Museum er politikk (det har det vore sidan vi fekk vår fyrste kulturminister med Lars Roar Langslet i 1981), det er del av ein reiselivs-industri, og musea er arbeidsplass for 4000 menneske. Nokre museum er store og har fleire hundre tilsette, medan andre att er mindre og har fåe tilsette. Før museumsreforma i 2000 var det 500 museer som mottok støtte frå KUD. Sidan den gong har staten gjennomført ein samanslåingsprosess som har redusert dette talet til 70. I 2018 starta KUD arbeidet med ei ny museumsmelding og i 2021 får vi vite kva slags føringar ein ny politikk vil legge på oss.

Med regionreforma varsla regjeringa at dei ville fløtte museumsoppgåvene *frå* staten og *til* dei nye fylka. Med ei regionreform var det mange som frykta nok ein konsolideringsprosess, og signalet kom om reduksjon frå 70 til 30. Men makta til å endre museumsstrukturen vart ikkje lagt i hendene på fylka, og KUD seier no at ein konsolideringsreform ikkje vil skje.

Musea forvaltar fellesskapets verdiar; 22 millionar gjenstandar, 35 millionar fotografi og 5000 historiske bygningar. Musea driv for 6 milliardar og har 11 millionar besøkande kvart år. Dei offentlege tilskotta er på 4 milliardar, medan gåver, sponsorstøtte og eigeninntekter utgjer 2. I 2015 stramma Kulturrådet på tilgangen til utviklingsmidlane til musea, men same året fekk Valdresmusea ein million av desse midla. Vi får det til viss vi vil.

Veksten i besøket i Valdres dei siste åra har vore samanfallande med veksten i økonomien. I 2011 dreiv vi for 11 millionar. I dag driv vi for 20. Inntektene har auka fordi endringsviljen har vore stor. Takk til alle som bidreg til ein sunn og god kulturøkonomi.

Inntektene til Bagn Bygdesamling dei fyrste åra var litt offentleg støtte, men aller mest private gåver. Slik var det alle stader. I etterkrigsåra gjekk fleire museum økonomisk over ende, og på 60-talet var Valdres Folkemuseum nær konkurs. På 70-talet var det derfor behov for ei meir føreseieleg finansieringsordning. Etter at ei støtteordning vart oppretta i 1975, vart det òg eit tettare samarbeid mellom museet på Bagn og museet på Fagernes. I 1985 vart det oppretta eit samarbeidsorgan for dei to musea og i 1998 vart Valdres Folkemuseum ansvarsmuseum for Bagn Bygdesamling. Dette med bakgrunn i signal frå staten om at musea *måtte* førebu seg på ein konsolideringsreform. I 2000 var reforma eit faktum og i 2006 vart Bagn Bygdesamling, saman med Bautahaugen Samlinger og Valdres Folkemuseum, del av Valdresmusea.

Bagn Bygdesamling er den kulturelle grunnmuren for bygdefolket i Sør-Aurdal, og museet er ein viktig del av arvesylvet i Valdres. Vår fremste oppgåve framover er å *sikre* samlinga og ta vare på møteplassen. Det skuldar vi forgjengarane våre – og dei som kjem etter oss.

Gratulerer med jubileum